

Forslag til

LEIEAVTALE

(Servituttavtale)

Mellom Robert Sørfonn, f. nr.,

og Friluftsrådet Vest, org. nr. 871346372,

er inngått følgende avtale om bruksservitt:

1

Robert Sørfonn, eigar av eidedomen, g.nr/b.nr 14/5 i Fitjar kommune, stiller på vegne av seg sjølv og seinare eigarar, del av eidedomen til rådvelde for Friluftsrådet Vest som offentlig friluftsområde. Området som omfattest av avtalen er på 150 daa, jf. vedlagte kart. Avtalen gjeld for 40 år og kan fornyast dersom begge partar ønskjer det, etter nærare forhandlingar. Friluftsrådet Vest har rett til å overføra avtalen til staten v/ Miljødirektoratet.

2

Eigaren forpliktar seg og seinare eigarar til ikkje å oppføra nokon form for varig bygnad, eller til å foreta disposisjonar utover innhaldet i avtalen, som kan hindra eller vanskeleggjera bruken av området som friluftsområde for ålmenta.

3

Denne avtalen endrar ikkje eigaren sin rett til jakt, fiske, landslott eller beite. Dei nemnde rettane skal uttøvast med omsyn til formålet med området. Eigaren har med same omsyn rett til å avverka skog i samsvar med skogbrukslova av 21. mai 1965 (Jf. likevel pkt. 5). Eigaren har og rett til i periodar å fortøya og/eller ankra opp noko utstyr, som t.d. flytebrygge, i indre delen av Pilapollen. Dette må skje på ein trygg og forsvarleg måte som ikkje er til sjenanse for friluftsbuiken av området.

4

Friluftsrådet Vest har rett til å rydda vegetasjon og leggja til rette for ålmenta sin bruk av området. All slik tilrettelegging skal skje på ein naturvennleg og skånsam måte. Inngjerding av badestrender kan gjerast etter behov, etter samråd med eigar. Kostnadene ved eventuell inngjerding dekkest av Friluftsrådet Vest.

5

Ved skogskjøtsel, skogavverking og beitebruk skal det takast særleg omsyn til at det eksisterande natur- og landskapsbildet blir ivaretatt. Skogavverking skal utførast som plukkhogst i samråd med Friluftsrådet Vest. Ved skogplanting skal val av treslag og skje i samråd med Friluftsrådet Vest.

6

Som vederlag for denne servituttavtalen, betalet ein gong for alle kr. 4 pr. m². Oppgjørsbeløpet på kr. 600 000 (kroner-seks-hundre-tusen), utbetalet som ein eingongssum når avtalen er godkjend av Miljødirektoratet og tinglyst.

7

Omkostningane for opprettinga av avtalen og tinglysninga av denne bærest av Friluftsrådet Vest.

8

Denne avtalen kan ikkje endrast utan semje med Miljødirektoratet

9

Viss det oppstår tvist om forståinga av dei enkelte punkta i avtalen, skal tvisten avgjerast med bindande verknad av ei valdgiftsnemnd på 3 personar kor kvar av partane nemner opp ein representant, og formannen nemnest opp av Sorenskrivaren i Karmsund.

Avtalen er oppretta i 3 eksemplar, eitt til kvar av partane og eitt til tinglysing.

Stad:

Stad:

Dato:

Dato:

Grunneigar

Friluftsrådet Vest

Vedlegg: Kart over avtaleområdet

